

Kapittel 1: Innleiing frå styret

Eit tilbakeblikk på 2008 og utsiktene for 2009 må bli prega av sterke inntrykk frå ei verdsomspennande finanskrisse, bitre regionale konfliktar og humanitære katastrofar, klimaendringar og miljøtrugsmål. I eit slikt perspektiv blir dei problema eit norsk universitet slit med små. Det er langt frå krise ved NTNU, men vi kan heller ikkje stille oss likesæle til det som skjer kring oss. Snarare utløyser det ønske om og vilje til å vere med på å møte utfordringane landet og verda står ovanfor – med kunnskap, kompetanse og gode løysingar.

Vi er overtydde om at ei offensiv satsing på forsking og utdanning vil vere eit bidrag for å overvinne krisene, både på kort og lang sikt. Truleg er det òg i nedgangstider ei slik satsing har størst verknad – det som blir kalla vekst gjennom krise. Det er no vi kan legge grunnlaget for omstilling til eit meir berekraftig samfunn med sunn verdiskaping, miljøvennleg teknologi og trygge rammer for helse og velferd. Vi er ikkje åleine om disse tankane; i grannelanda våre får utdannings- og forskingsinnsatsen kraftige løft. Men det er få som har betre økonomiske føresetnader enn Noreg til å investere i kunnskap og kompetanse. Slik sett har vi ein historisk sjanse til å lukke ressursgapet og stå betre rusta for framtida. Det må innebvere betre vilkår for studentar og kunnskapsarbeidarar, auka kapasitet i forsking og utdanning og ei kraftig oppgradering av vitskapleg utstyr og infrastruktur.

NTNU har hatt god framgang i året som gjekk. Søknaden til dei fleste av studia er god, både i omfang og kvalitet. Meir enn 10 000 unge ville byrje å studere ved NTNU i 2008, ei auke på fem prosent. Evalueringa av sivilingeniørutdanninga blei ferdig i 2008 og konkluderte med at læringsmiljøet er godt, samstundes som vi har fått gode råd om betringar. Vi held fram med vår sterke satsing på lærarutdanning, og saman med HiST har vi fått i stand ein felles bachelorgrad for yrkesfaglærarar.

Den gode utviklinga i vitskapleg publisering held fram. Over 300 doktorgradar blei tildelt i 2008. Vi har jamt over stor søknad til stipendiatur- og post doc.-stillingar, sjølv om det er for få norske søkerar i nokre teknisk-naturvitenskaplege fag. For å sikre ei stabil rekruttering òg for å betre kapasiteten i forsking og undervisning, er det heilt nødvendig å auke talet på slike stillingar langt meir enn det regjeringa har lagt opp til.

Klimaforliket bidrog til ei styrking av miljøretta forsking, og NTNU har teke denne utfordringa. I 2008 har det vore hektisk aktivitet for å få fram gode søkerar til ordninga med forskingscenter for miljøvennleg energi (FME). NTNU var med på eit fleirtal av søkerne, og fekk eit senter ved tildelinga i februar. Utviklinga av disse sentra vil krevje mykje av oss i år som kjem, men det er ein stor inspirasjon for oss å ta del i dette viktige arbeidet.

Styret legg vekt på at NTNU framleis skal arbeide strategisk med internasjonalisering. I 2008 har det vore stor innsats for å fremje søkerar til EU sitt 7. rammeprogram, men vi merker at konkurransen hardnar til. Då er det ei oppmuntring å sjå at Trondheim har tryggja stillinga som eit internasjonalt leiande miljø innafor karbonfangst og -lagring. Det er ein stor siger at vi fekk ansvaret for å byggje opp og koordinere den europeiske laboratorieinfrastrukturen ECCSEL. Slike suksessar syner kor viktig internasjonalt forskingssamarbeid er, særskilt for eit universitet i Europa sin utkant. Det er utvikla ein Internasjonal handlingsplan for 2009, og ein eigen handlingsplan for EU-forsking, som NTNU sitt styre vil følgje opp.

Biletet av ressurssituasjonen ved NTNU er samansett. Framifrå innsats frå våre tilsette har gjort det mogleg å auke den eksterne forskingsfinansieringa, slik at vi i 2008 passerte ein milliard kroner. Samstundes har basisløyvinga i realiteten stått på staden kvil og grunnfinansieringa er framleis på 2006-nivå. I lys av finanskrisa er det ein risiko for at

næringslivet sine bidrag til forskinga vil falle i tida som kjem. NTNU er spesielt sårbar for slike svingingar. Fagmiljøa held tilbake med å tilsette nye folk, og kapasiteten til å handtere store satsingar, til dømes innafor fornybar energi, er pressa. Store avsetjingar er òg eit uttrykk for mangel på kapasitet; det trengst fleire folk for å nytte ressursane. Auka basisløyvingar, fleire og fullfinansierte stipendiatar og eit meir fleksibelt regelverk for tilsettingar er viktige svar på kapasitetsutfordringa.

Effektiv forsking og undervisning krev infrastruktur av høg kvalitet. NTNU har mange laboratorieintensive fag, men manglar både utstyr og areal. Mange fagmiljø er trøngbudde og delar av bygningsmassen held ikkje lenger mål. NTNU sin campusplan er utvikla på grunnlag av institusjonen sin strategi og med brei involvering av fagmiljø og studentane. Behova på kort og lang sikt er godt dokumentert. Det er viktig at heile campusplanen får ei politisk handsaming i løpet av 2009. Regjeringa sine krisetiltak i 2009 har så langt ført til at eitt høgt prioritert prosjekt i campusplanen no kan bli realisert. NTNU fekk 120 millionar kroner i 2009 for å renovere og omstrukturere Kjemiblokkane 4 og 5 og Kjemihallen (ESFRI 1). Vi voner at òg dei andre presserande infrastrukturbuhova for Dragvoll, VM/Vitsenteret, og behovet for finansiering av laboratorier og kan bli tekne omsyn til ved eventuelt seinare krisetiltak. Campusprosjektet har òg i 2008 vore ei krevjande sak for styret. Vi er nøgde med at departementet har teke ansvaret for å fremje NTNU sine campusbehov til handsaming i Stortinget.

Rammer for styring og leiing ved NTNU har vore ei sak styret har brukt mykje tid på i 2008, blant anna i samband med ei ekstern evaluering. Det er vedteke at ordninga med å tilsette rektor, prorektørar og dekanar skal halde fram, men at fakultet no skal ha eigne styrer, og dette vil også vere hovudregelen på instituttnivå. Våren 2009 skal nye mandat og reglar ligge føre.

Styret har vore samansett som i 2007, med unntak av dei to nye studentrepresentantane Sara Underland Mjelva og Vegar Lein Ausrød, som kom inn sommaren 2008.

Trondheim, xx.xx.2009

Marit Arnstad
Styreleiar NTNU